

Informasjon

Perle

Oktober

Denne månaden har vi hatt vatn som tema. Det har vore kjekt å sprute m/ketsjup flaske, sprayflaske i uteleiken. Vi har fylt trillebåre m/vatn og leika med vatn. Inne var det kjekt å leike med vatn i basseng og i baljar. Men og litt skummelt for nokon. No begynnar vi å komme inn i rutinar i barnehagen. Ungane er trygge på alle vaksne og andre ungar på Perle. Ein dag i veka er 2017 ungene i skogen. Det tykkjer dei er veldig kjekt. Vi går ein liten tur, og da ser ungene veldig mykje. Og spesielt all sauebæsjen er tema kvar gong. Sauene har no i oktober vore i skogen og det har vore spennande, men og litt skummelt for nokon. Å leike i skogen er høgdepunktet, med panner, sleiver, muggar osv.

November

I november skal vi ha tema køyretøy. Vi skal lære oss namn på store køyretøy, vi skal lage bilbaner både inne og ute. Og vi skal lære oss nokre songar om køyretøy. Vi skal og lage julegåver, så det vil bli litt hemmelige ting denne månaden.

Dersom nokon har store syltetøyglas heime tek vi imot.

Teikn denne månaden: **Bil, traktor, buss, kaldt, varmt, lue, vottar, tog.**

Songar denne månaden: **hometitten, hjulene på bussen, nede på stasjonen, tøffe tøffe toget.**

I yttergarderoben er det no mykje kle i korgar og hyller. Det blir litt uoversiktleg for oss når vi skal finne klede. Så derfor ynskjer vi at innebytekle (gensar, sokkar, bukse osv) og sekkar er i innergarderoben. Og at uteklede(fleece, ull, lue, vottar osv.) er i yttergarderoben. Blaute og skitne klede vil henge i innergarderoben i pose, så ta ein kikk innom der på ettermiddagen.

Bruse:

Oktober månad har gått veldig fort, tykkjer me! Me har kosa oss mykje ute - med litt varm mat og drikke i skogen av og til. Me har jobba litt med språk, og me har jobba mykje også denne månaden med korleis me er med kvarandre. Det er eit viktig tema, som me ser me treng å jobba med her på Bruse. Me har hatt fine og gode stunder i gymsalen. I tillegg har me vore nokre gonger i gymsalen for å ha hinderløype. Dette har også vore veldig kjekt, og barna tek utfordringane på strak arm. Elles har me også i oktober delt mykje i grupper - det er ei veldig god arbeidsform for oss. Me varierer på gruppene ganske så mykje, og målet er at alle skal få leika med alle.

I November kjem me til å vera litt meir inne i barnehagen. Me har fleire prosjekt me skal arbeide med. Me vil mellom anna forsette litt med «Heimen min», då me ikkje blei heilt ferdige med det i oktober. I gymsalen og ute framover, skal me lære forskjellige regelleikar og sangleikar. I tillegg vil det bli brukt ein del tid til å lage julepresangar no i november, slik at det blir ein rolegare desember månad i barnehagen.

I veke 46 skal Bruse vera med på nordisk litteraturuke. Det er eit nordisk opplegg der born i heile Norden tenner levande lys, og les høgt frå utvalde nordiske tekstar - på samme tidspunkt. Målet er å løfte høgtlesing, nordisk litteratur og forteljartradisjon for både store og små i heile Norden. Dette vil me gjere i samlingsstunda ca 9.30 kvar dag denne veka.

I veke 47 skal me laga eit bidrag til Pepperkakebyen på Pyramiden. Litt usikre på kor lang tid me treng, men alle barna skal få bidra på eit tidspunkt.

Månadens teikn: 1. bokstaven til barna.

Bruse skal også starte opp med symjing på torsdagar. Det er 2 – 3 born som kan vera med kvar gong. Dei det gjeld vil få lappe i hylla si før i veka. Det er oppsett slik at alle borna får vere med 2 gonger før jul.

Me har kjøpt inn krakkar som skal brukast i garderoben for å gjere barna meir sjølvstendige. Da er det fint om det ligg berre 1 sett kle (vottar, luer, ull/fleece) i den nederste hylla.

Felles:

I november har vi 1 økt igjen med Judith Vestrheim. Stundene med Judith Vestreim har vore veldig kjekke. Me har lært fleire fine songar, og lært oss å lage hugselappar frå det me syng. Mange har blitt veldig flinke til å teikne med Judith!

Felles songstund m/Ida Kristine tykkjer ungane er veldig kjekt. Vi syng sangar som står på månadsplan og Ida spelar trekkspel.

Vi har fleire bursdagsbarn denne månaden. Minner om at ungane kan ta med saftis u/mjølkk eller gele. Vi er 13 ungar på Perle og 12 på Bruse.

På torsdagar no i november vil det vere eit samarbeid mellom Bruse og Perle. Da skal nokre Bruse ungar på bading, og da kjem det inn tre 2017 ungar på Perle og leikar. Det vil vere frå kl 0900-11.15.

Barnehagen er stengd fredag 13. november. Vi har planleggingsdag.

Det vil bli satt opp foreldresamtalar no i november. Det blir Ida Kristine på Bruse og Anne Sofie og Randi på Perle. Vi tek kontakt om tidspunkt.

I veke 46 og 47 får vi to praksiselevar frå vidaregåande i Sogndal. Det skal vere ein på Perle og ein på Bruse.